

Eikesdal Bygdelag
v/ Inga Berit Utigard
Eikesdalsvegen
6472 Eikesdal

Eikesdal 07.02.2020

Til
Molde Kommune
v/ kommunestyret
Rådhusplassen 1
6413 Molde

Krav om revisjon, Grytten kraftanlegg

Det er i 2020 50 år sidan konsesjonen til Grytten kraftanlegg vart gitt, og med det er det høve til å kreve revisjon av konsesjonsvilkåra.

Eikesdal Bygdelag krev med dette revisjon av konsesjonsvilkåra for Grytten kraftanlegg, og at Molde Kommune sett i gang dette arbeidet umiddelbart. Naturleg samarbeidspart er Rauma kommune. Molde kommune bør også samordne arbeidet med Vannregionens arbeid i arbeidet med revisjonskravet, jf tilrådingar frå LVK.

Vårt hovedkrav er at konsesjonen til utbygging av Austre Mardøla blir oppheva og at Mardalsfossen blir ført tilbake til naturen.

Det er fleire grunnar til dette kravet:

1. Naturen i Mardalen er langt på veg ødelagt pga mangel på vatn og naturleg fossesprøyt. Jf utredning i forvaltningsplanen for Mardalen Naturreservat, der frislepp av fossen/auka vassføring er det viktigaste tiltaket for å re-etablere naturen i naturreservatet, sjå vedlagt lenke. (Planen er vedteken, men er ikkje ferdigstilt enno).
2. Frislepp av Mardalsfossen er viktig for auka vasstand og dermed for fisket i Eikesdalsvatnet og for laksefisket i Eira.
3. Mardalsfossen er ein av landets (verdas?) flottaste fossar og fremste turistattraksjonar, og burde aldri ha vore utbygd.

Vi meiner at det er av stor allmenn interesse at Mardalsfossen blir ført tilbake til naturen.

I samband med revisjonen krev Eikesdal bygdelag også:

- Statkraft må rydde opp i og halde elveløpet nedover Mardøla fritt for skog/vegetasjon. Dette har ikkje vore utført etter utbygginga i 1970. Trestammer som fell over elveløpet og attgroing er til stor fare ved flaum.
- Statkraft må gjenoppta overvakinga av tunnelinntaket nedom Bruåbotn og ved inntaksdammen ved Bruåna vinterstid. Ved behov må det utførast tiltak slik at det ikkje dannar seg oppdemming som kan gjere stor skade når «snødemninga» brest. Jf flaum/snø/jordraset som raserte brua og bygdavegen og gjekk heilt ned til Aura i Eikesdalen i 2010 (sjå vedlagt foto).

- Statkraft må fjerne og rydde opp i den gamle og ødelagte damkonstruksjonen som vart bygd nedst i Bruåna ved Fagerhjellan i Eikesdal.
- Det må utførast uthogging av attgrodd fossemark som følgje av at vatnet frå fossane ikkje lenger held vegetasjonen nede, jf Forvaltningsplanen for Mardalen Naturreservat.
- Løyvingar til bygging og drift av Mardølasenteret i Mardalen i Eikesdal, der m.a. historia om verdas første sivil ulydigheitsaksjon for vern av natur, Mardølaaksjonen, vil bli formidla til allmennheita.
- Eit årsverk/stilling på fast årsbasis til skjøtsel i Mardalen Naturreservat og drift av Mardølasenteret, gjerne i samarbeid med Miljødirektoratet og Dovrefjell Nasjonalparkstyre, jf Forvaltningsplanen for Mardalen Naturreservat.
- Forvaltningsplanen for Mardalen Naturreservat framhevar auka beiting med husdyr som eit viktig tiltak for å gjenopprette fossenaturen i Mardalen. Dersom dette skal kunne gjennomførast, må turvegen opp til Mardalsfossen gjerdast inn langsmed på begge sider, slik at beitedyr og turistar ikkje kjem i konflikt.

Tidlegare Nesset kommune har lang erfaring i arbeidet med Aura-revisjonen, og vi ser det som naturleg at folk med brei erfaring med revisjonskravarbeid blir koplå inn i Grytten-revisjonsprosessen også, t.d. tidlegare ordførar i Nesset, Rolf Jonas Hurlen.

Med helsing
Eikesdal Bygdelag

Inga Berit Utigard (sign.)

Marit Wadsten (sign.)

Aktuelle dokument og nettsider:

LVK om å kreve revisjon: <https://lvk.no/LVK/Fagomrader/Vassdragsvern-og-miljo/Revisjon-av-eldre-konsesjonsvilkar>

LVKs revisjonshefte: https://lvk.no/sites/lund/files/130531_revisjonshefte_ferdig_0.pdf

Revisjonssaker, NVE: <https://www.nve.no/konsesjonssaker/>

Reguleringsbestemmelser Eikesdal/Grytten 1970: <https://www.nve.no/kdb/sc886.pdf>

Planendring Grytten 1973: <https://www.nve.no/kdb/sc380.pdf>

Forvaltningsplan for Mardalen Naturreservat:

<http://www.nasjonalparkstyre.no/Documents/Dovrefjell%20dok/Mardalen/Forvaltningsplan%20Mardalen%20-%20h%c3%b8yringsutkast%202017-12-18.pdf>

Foto av Mardalsfossen og Ytste Mardøla før utbygginga (vedlagt).

«Nytt blikk på Mardalsfossen». Brev frå Eikesdal Bygdelag til OED-minister Tord Lien, frå 2016 (vedlagt).

«Umusikalsk» av Geir Isaksen. Lesarinnlegg i Vårt Land (vedlagt).



Foto: Haakon T. Utigard, Mardalsfossen



Foto: Birkeland. Ytste Mardøla, ca 1955

Fossesprøyten frå begge fossane, Mardalsfossen og Ytste Mardøla, var formidabel. Legg merke til den manglande vegetasjonen på begge bilde.



Raset som gjekk etter oppdemming av snø og is ved demninga i Bruåbotn 18. mai 2010. Skuleungane frå Finnset og Sæter måtte snu her. Foto: Marit-Solveig Finset.



Foto: Elena Finnset

**Til
Olje- og energiminister
Tord Lien**

Eikesdal 07.11.2016

Nytt blick på Mardalsfossen - og musikk

Vi som bor i Eikesdal i Møre og Romsdal er veldig glade i Mardalsfossen, og det er svært mange med oss som er det. Vi blir like triste kvart år når den stenger 20. august og vi blir like glade når det nærmar seg at den skal åpnast att 20. juni. Vi har tenkt på dette lenge: Vi vil så inderleg gjerne at denne fantastisk flotte fossen skal bli sleppt fri igjen.

Som du veit vart Mardalsfossen vedtatt utbygd til kraftproduksjon som ein del av Gryttenutbygginga i 1970, og overført til Romsdalen. Det var svært sterk tvil i Stortinget om denne utbygginga, og mange av dei som i utgangspunktet var imot eller var i sterk tvil, stemte likevel for utbygging fordi det vart foreslått at det skulle byggast ei lukeanordning slik at fossen skulle kunne sleppast fri att dersom det viste seg at vedtaket var feil.

Vedtaket var feil. Det veit alle vi som er glade i Mardalsfossen.

Vi veit at Mardalsfossen i fri og naturleg utfolding vil kunne vere det ikonet for Norge som Niagarafallene er for USA og Canada. Når det gjeld naturgitt storheit og velde. Når det gjeld å vere reiselivsmagnet. Når det gjeld å gi meirverdi for reiselivsnæringa, heller enn å gå i tunnel og produsere strøm.

Mardalsfossen vil ha uendeleg mykje større verdi for landet vårt i fri form, også økonomisk.

I 2014 vart Mardalen Naturreservat oppretta. Dette omfattar Mardalen med elva Mardøla, Mardalsfossen og Ytste Mardøla. Alt vatnet i naturreservatet er no borte. Her var tidlegare enorme mengder vatn som dundra ned gjennom Mardalen. Varmt og fuktig klima har gjort området ekstremt grøderikt og her er t.d. rikt på varmekjær lauvskog, store mengder styvingstre og raudlista artar som følgjer desse. Fossenaturen er derfor svært sentral i naturreservatet. Mardalsfossen og alt vatnet som rann her før, fram til

overføringa til Romsdalen, har vore heilt grunnleggande for det området som no er blitt verna.

Mardalen Naturreservat utan Mardalsfossen blir som eit hjul utan nav. Vi meiner at fossen må først attende til naturreservatet. Utan den har reservatet liten verdi.

Det er ikkje berre vi her i Eikesdalen som meiner dette. Noverande NSB-konsernsjef Geir Isaksen skreiv for fleire år sidan eit innlegg i Vårt Land; «Umusikalsk», der han fortalte om sitt møte med Mardalsfossen. Dette var før Operaen var bygd. Geir Isaksen har gitt oss lov til å legge ved innlegget sitt til deg, og seier at sjølv om Operaen vart mykje betre enn han trudde, så står han fortsatt for det han skreiv om at han heller ville hatt Mardalsfossen fri. Og det er mange med han som vil det, både lokalt, regionalt og nasjonalt.

Vi trur at dette vil vere ei god sak å fronte for Olje- og energiministeren på vegne av Norge, også internasjonalt. Mardølaaksjonen var og er fortsatt internasjonalt kjent, og vi trur at ei tilbakeføring vil gi stor kredit for grønn miljøpolitikk.

Vi trur at Norge har råd til å la «eit villkirsebærtre fortrenge nokre kubikkmeter med gran» som Isaksen skriv. Fordi vi trur på musikk.

Vi ber deg om å sjå på denne saka og ta initiativ til å sleppe Mardalsfossen fri att no.

Med håp om snarleg fri Mardalsfoss
og vennleg helsing frå

Styret i
Eikesdal Bygdelag

Styret i
Eikesdal Grunneigarlag

Styret i
Eikesdal Sameige

Ingrid Finset (sign.)

Terje Utigard (sign.)

Olav Finnset (sign.)

Inga Berit Utigard (sign.)

Gunnhild Reitan (sign.)

Jon Sæter (sign.)

Hans Erik Oppigard (sign.) Torbjørn Utigard (sign.)

Kari Meringdal (sign.)

Hans Erik Oppigard (sign.)

Marit Wadsten (sign.)

Umusikalsk?

Av Geir Isaksen

Jeg er en rasjonell forretningsmann. Tenker på hvordan bedriften skal utnytte kapital og arbeidskraft best mulig for å tjene penger. Jeg tror at ressursene på jorda, det være seg jord, skog eller vann, må forvaltes for å kaste noe av seg. Jordbruk, skogbruk og havbruk er nødvendig for å fø den økende befolkningen. Oljeutvinning, vannkraftutbygging og gruvedrift gir oss energi og mineraler. Det er viktig og nødvendig for vår velstand. Mener jeg.

For mer enn et kvart århundre siden gikk jeg på Holt Landbruksskole i Tvedestrand kommune. Der hadde jeg en skogbrukslærer som het Tallak Ausland, en flink lærer med masse kunnskap. En gang tok han oss med i en teig med flott granskog. På en kolle midt inne i teigen sto det et praktfullt villkirsebærtre. Han fortalte at han en gang hadde tatt med en gruppe skogbrukere ned her og vist fram både kirsebærtreet og granskogen. En av skogbrukerne hadde sett med misbilligelse på kirsebærtreet, og ytret frampå om at slikt ugras burde ha vært fjernet. Tallak hadde sett på ham med et trist blikk: «Du er umusikalsk, du», hadde han svart.

I Nettet kommune i Møre og Romsdal, der Bjørnson vokste opp, ligger elva østre Mardøla. Med vann fra et nedbørsfelt på 70 km² kastet elva seg ut i to store fosser med et samlet fall på over 600 meter for til slutt å løpe ut i det 20 km lange Eikesdalsvannet. I perioder med stor snøsmelting eller mye nedbør kunne det gå over 30 m³ vann pr sekund i fossen. Da sto vannskodda slik at det var umulig å tørke tøy på gårdene langs vannet 10 km unna. En vill og imponerende natur i full utfoldelse.

I 1970 fikk NVE tillatelse til å bygge ut Mardøla som et ledd i en større utbygging. Det utløste den første store sivile ulydighetsaksjonen i Norge etter krigen. Naturvernere lenket seg fast foran anleggsmaskinene. Det var ikke bare ustyrlige ungdommer som protesterte, avisene var fulle av bilder av den nesten 60 år gamle professoren Arne Næss som ble båret bort av politiet. Elva ble utbygd, fossen ble tørrlagt mesteparten av året, men skrus på to måneder om sommeren med redusert vannføring. Det er bygd vei langs Eikesdalsvannet, bøndene har fått vanningsanlegg, det drives utsett av laks og ørret, kommunen har inntekter av vannkraften.

I sommer var jeg med den gamle ferja på Eikesdalsvannet, det var et arrangement i forbindelse med den lokale Bjørnsonfestivalen. Det ble lest fra «Faderen» av Bjørnson, og den 90 år gamle Arne Næss fortalte om sitt forhold til fjellet. Mange fra bygda var med. Jeg ble sittende og prate med kona på en av gårdene ved vannet. Hun mente utbygningen og veien hadde reddet Eikesdalen, uten hadde folket reist. Datteren var ikke uenig, men hevdet at vannet fra nedslagsfeltet til østre Mardøla bare produserte kraft for 20 millioner kroner i året. Verdien av fossen i fri utfoldelse er mye større, mente hun, særlig nå når veien er der og folk kan komme og se. Dessuten er drønnet fra en slik foss som musikk – for den som liker vill natur og er glad i livet. Sa hun.

Jeg er en rasjonell forretningsmann. Men jeg liker villkirsebærtrær, selv om de skulle fordrive et par kubikkmeter med granskog. Og jeg lurar på om det ikke er på tide å slippe Mardalsfossen fri. Det er en voldsom musikk. Spør du meg vil jeg heller ha den enn operaen. Og operaen er mye, mye dyrere.....